



Fylkesmannen i Hordaland

Saksførehtar innvalstelefon
Olav Klubben 5557 2266

Vår dato
19.01.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/15687 523.3
Dykkar referanse

Nordhordland vaktistrikt
Meland kommune
Boks 79
5906 Frekhaug

Rapport for bruk av løyvde midlar til veterinærteneste 2014

Syner til tilsend rundskriv 27/2014 frå Landbruksdirektoratet.

De har fått statlege midlar til kommunale veterinærtenester for året som er gått. No ynskjer Landbruksdirektoratet at de sender inn eit rekneskap for bruken av fjorårets tilskot.

1. Vakt- og administrasjonstilskot

De skal senda inn eit oversynsrekneskap som syner løyvd sum opp mot bruken av midlane, og kva dei er brukte til.

De skal også senda inn ei vurdering av tilgangen på veterinærtenester til jordbruksføremål i heile vaktistriktet.

2. Løyving og utbetaling av vakt- og administrasjonstilskot 2015

Fylkesmannen tek sikte på å betala ut desse midlane etter kvart som vi får inn tilfredsstillande rapport for fjoråret.

Dette brevet vert send til fjorårets administrasjonskommune/herad.

Vi kjenner til at Ulvik overtek for Granvin inneverande år. Er det andre endringar, gjev oss snarast melding om dette.

Dersom det skulle vera eit område der vaktordninga ikkje fungerer tilfredsstillande, gjev oss melding om dette også.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Olav Klubben
fylkesagronom

Brevet er godkjend elektronisk og har derfor inga underskrift.